

SLUTTRAPPORT
ARKIVUTVIKLINGSPROSJEKT

*«Ordning, pakking og registrering av arkivet
etter Hans Hyldbakk»*

Nordmørsmusea AS



Frå fotoarkivet etter Hans Hyldbakk, sjølvportrett ved skrivebordet på Kleiva



Nordmørsmusea

Formålet med prosjektet

Prosjektet har som mål å gjennomføre arkivordning, pakking og registrering av arkivet etter forfatter og lokalhistorikar Hans Hyldebakk (1898-2001).


Ved å få arkivet ordna etter arkivfaglege prinsipp, pakka om til omslag og boksar i arkivkvalitet, registrert i Asta og publisert i Arkivportalen ønskjer vi å oppnå ei trygg og langsiktig ivaretaking av arkivet, og å gjere det meir tilgjengeleg som historisk kjelde no og i framtida.

Prosjektperiode

Prosjektet starta 11.11.2024, med oppstartsmøte og klargjering før oversending av arkivet til Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal (IKA MR), for arkivordning. Den 27.01.2026 vart arkivet tatt i mot og trygt plassert i Nordmørsmusea AS (NMAS) sitt nye regionmagasin i Normoria i Kristiansund, og avsluttar prosjektperioden.

Aktørar i prosjektet

Nordmørsmusea er ansvarleg forvaltar av arkivet i tråd med langsiktig driftsavtale med eigar Surnadal kommune. Nordmørsmusea er ansvarleg for prosjektet, IKA MR har hatt oppdraget med arkivordning og pakking (prosjektmedarbeidar Gudmund Valderhaug) og har vore samarbeidande part og rådgjevar undervegs i prosjektet (rådgivar privatarkiv Åsta Vadset). Dette har vore nyttig og inspirerande i prosessen. Arkiverket (Nasjonalarkivet) har tildelt arkivutviklingsmidlar, og gjort prosjektet muleg å gjennomføre.



Frå arkivet: Minde fra Rena



Arkivskaparen

Husmannssoenen Hans Hyldbakk vart fødd i 1898 og døydde i 2001, og fekk slik med seg tre århundre i si levetid. Han var forfattar, lokalhistorikar og samfunnsdebattant, og gjennom lang tid ein kjent person for mange, særskilt på Nordmøre. Nasjonalt kjent vart han for å ha skrive diktet Vårsøg, då det vart tonesett av Henning Sommerro.

Sjølv om han gav ut heile 11 diktsamlingar er det verkeleg store arbeidet lagt ned innafor feltet lokalhistorie. Han har gitt ut 17 bind med bygdebøker og fleire andre lokalhistoriske publikasjonar, og hadde heile livet interesse for historie, samfunnsliv og politikk. Dette speglar seg i skrivinga, og engasjement som skribent og debattant i lokale og regionale aviser.

Hyldbakk fikk tilnamnet «småkårsfolkets historikar» etter at han i 1942 gav ut «Husmenn og husmannsplassar i Surnadal». Dette var ei stor gruppe i samfunnet som fram til dette hadde vore utelatt frå slektshistorie og bygdebøker. Dette har han sjølv framheva som det viktigaste han hadde utretta.

Arkivet - før prosjektet starta

Arkivet etter Hyldbakk, ca. 15 hyllemeter, har eit mangfaldig innhald, med bokmanus, bakgrunnsnotatar for arbeid med bygdebøker, mykje lokalhistorisk stoff, avskrift av kjelder, korrespondanse av ulik type, dagboknotatar med meir. Veldig mykje av dette vart undervegs sortert tematisk av han sjølv, i konvoluttar med påskrift. Tidleg på 2000-talet vart det gjort eit større registreringsarbeid i regi av kommunen/museumspersonell, der både gjenstandar og arkiv vart registrert og nummerert, i ein og same serie. Til saman gav dette eit grunnlag for vidare arbeid, samtidig hadde det i mellomtida dukka opp arkivmateriale som ikkje hadde vorte med i registreringa av ulike grunnar.

Oppbevaringstilhøva i husa på Kleiva (heimen til Hyldbakk, no museum) var dårlege, med ustabile temperaturar, fukt og dårleg sikring. Alt i alt var situasjonen lite tilfredsstillande, det var behov for å iverksette tiltak for å unngå at arkivet skulle ta skade. I 2022 var IKA Møre og Romsdal, ved rådgivar Åsta Vadset, med på ei synfaring, og kom med gode faglege råd for det vidare arbeidet. Fram til då hadde fokus frå museet si side vore å skaffe oversikt, og forsøke å finne ein god metodikk for vidare arbeid og tryggare stad å oppbevare det samla arkivet på.

I tillegg til dårlege oppbevaringstilhøve var arkivet ikkje godt nok systematisert for å kunne leite i. Dette gjorde at det i praksis ikkje var tilgjengeleg, for museet sjølv, eller for andre som kunne ha interesse av å be om innsyn til forskingsføremål til dømes.

Då det vart søkt om arkivutviklingsmidlar var det over tid gjort ein del nødvendig forarbeid med å leggje til rette for eit slikt framtidig arbeid. Dette forarbeidet resulterte i at museet opparbeidde god oversikt over arkivet sitt innhald og struktur, som kom til nytte i planlegging av ordning og vidare handtering.





Hyldbakk arkivertematisk i konvoluttar, og tidleg registrering (svart tusj) og listeføring gav eit grunnlag for vidare arbeid

I samlinga etter Hyldbakk finst det også eit fotoarkiv. Som ei avgrensing av prosjektet vart det valt å halde dette utanfor, for å kunne fokusere på det skriftlege. Dette var allereie handtert separat, og det er berre unntaksvis at det dukka opp foto ilag med det skriftlege. I dei tilfella der det har skjedd, og det tydeleg inngår i ein samanheng, er bileta handsama som ein del av arkivet.

Prosjektet – plan og gjennomføring

Hausten 2023 søkte NMAS om 245.000 kr i arkivutviklingsmidlar, til ordning, pakking og registrering/publisering. Målet var at arkivet skulle bli ordna, pakka på forsvarleg vis, godt oppbevart og registrert i arkivportalen - for å gjere det tilgjengeleg og muleg å få innsyn i, for forfattarar, studentar, forskarar, og museet sjølv.

IKA MR, ved Åsta Vadset, var arkivfagleg rådgivar i arbeidet med søknaden og utforming av prosjektet. Hyldbakk-arkivet var eit prioritert arkiv i *Plan for privatarkiv Møre og Romsdal*. Dette ga ei god forankring for vidare arbeid. IKA MR hadde på søknadstidspunktet ikkje høve til å garantere kapasitet til ordningsarbeid, noko vi i utgangspunktet ønskte. Vi valgte då å søkje midlar til å tilsetje ein prosjektmedarbeidar, fortrinnsvis ein student, slik at prosjektet skulle vere muleg å gjennomføre likevel.

Tiltak i prosjektsøknaden:

- Ordning og ompakking av 15 hm arkiv
- Registrering av arkivet i Asta
- Publisering på Arkivportalen
- Trygg ivaretaking

Av ulike årsakar måtte prosjektet settast på vent. Og etter kvart kom det signal om at IKA MR då kunne ha høve for å utføre ordningsarbeid, pakking og registrering i Asta likevel. Dette var veldig positivt for prosjektet, då det synt seg vanskeleg å finne kompetansen i vårt område, og for eit relativt lite prosjekt som dette.



Gjennomføring av prosjektet

- **Justeringar**

Tilsagnet frå Arkivverket var på 150.000 kr, og prosjektet måtte tilpassast den tildelte ramma. Dette førte til ei nedskalering av timeantalet til arkivordning. Etter vurdering vart det bestemt å legge arkivordninga meir overordna nivå enn først tiltenkt, heller enn å risikere å ikkje kome igjennom heile arkivet. Vi meiner at dette er tilfredsstillande og gir ei god nok oversikt.

I eit privatarkiv av denne typen er det noko vanskeleg å forutsjå kor lang tid arbeidet med ordning faktisk vil ta. Samtidig som arkivet var grovsortert på førehand, var det dels uforutsigbart kva som ville dukke opp undervegs, då ikkje all sortering var like konsekvent. Arkivet inneheld ein god del korrespondanse, og alle brev var oppbevarte i originalkonvoluttar. Det førte til at akkurat denne delen av arkivet tok mykje lengre tid å ordne enn normalt.

At det til slutt endte med at godt kvalifisert personell frå IKA MR skulle gjennomføre ordningsarbeidet bidrog nok positivt med tanke på at timeantalet for ordning måtte nedjusterast. Då var det fint å ha rutinerte folk på oppdraget. Totalt sett landa prosjektet godt innafor den budsjetterte timeramma for ordning.

- **Oppstartsmøte og overføring til IKA MR**

Sjølve prosjektarbeidet starta opp med eit oppstartsmøte og synfaring i Surnadal den 11.november 2024.



Frå NMAS deltok fagleiar for samlingsforvaltning Stein Ryther og stedsansvarleg i Surnadal/prosjektleder Maja Frønes. Frå IKA MR deltok Gudmund Valderhaug som skulle utføre ordningsarbeidet.

Då vart arkivet gjennomgått og klartgjort for transport til IKA i Ålesund.

Den 21. november 2024 vart arkivet levert hos IKA MR, og arbeidet der kunne starte. Etter eit innleiande arbeid vart vi samde om prinsippa for ordninga, etter forslag frå IKA MR. Det måtte lagast ein eigen serie, ut i frå arkivets eksisterande struktur og innhald.



Formidling av prosjektet

Prosjektleder Maja Frønes presenterte prosjektet i Nasjonalt nettverksmøte for privatarkiv på Teams 10.12.2024.

Ordningsarbeidet og tilbakeføring til Nordmørmusea

Underveis i ordningsarbeidet har vi hatt god dialog, for å diskutere spørsmål som dukka opp. Kombinasjonen av god arkivkompetanse hos IKA MR og god kjennskap til arkivet hos museet gjorde at ein kunne utfylle kvarandre når det var behov.

Etter at arkivordninga var gjennomført stod det 109 arkivboksar med Hyldbakk-arkiv i hyllene hos IKA i Ålesund, med tilhøyrande arkivkatalog, register og koplingsprotokollar. Dei hjalp til med å få koplingsprotokollane overført til Asta i november 2025.

Den 27.januar 2026 kom arkivet på plass hos Nordmørmusea i Kristiansund



Arkivet er tatt inn i behandlingsrom i Normoria og vert gjennomgått førbehandling i varmekammer og plassering i magasin.



Oppsummering

Prosjektet er no fullført og målsetningane i prosjektet er oppnådd, sjølv om det tok noko lengre tid å kome fram til målet enn først planlagt.

- **Økonomi**

Som det går fram av vedlagt rekneskapsrapport landa prosjektet godt innanfor tilskotet på 150.000 kr når det gjeld innleigd arbeidskraft, transport og materiell.

Jfr. søknaden var det budsjettert med ein eigeninnsats i form av arbeidstimar frå museet si side, pålydande 45 timar/30.000 kr. Ved prosjektslutt 29.01.26 er det registrert 98,5 timar, tilsvarande 64.000 kr. Dette gir ei total prosjektramme på 214.000 kr.

At eigeninnsatsen vart høgare enn forventa heng i hovudsak i hop med at det vart brukt meir tid enn forventa til å prøve å skaffe personell til arkivordning, før avtalen med IKA MR kom på plass. I tillegg tok forarbeidet før oversending til IKA MR noko meir tid. Dette gjorde samstundes at ein truleg sparte noko av timane brukt til ordning seinare.

- **Resultat og gevinst**

Resultatet etter ferdigstilt prosjekt er at ein har fått sikra og systematisert arkivet på ein slik måte at det kan nyttast som historisk kjelde, no og i framtida. At arkivet er registrert i Asta og vert publisert på Arkivportalen sikrar den langsiktige forvaltninga, bevaringa og tilgangen til arkivet. Ordning har skjedd etter arkivfaglege prinsipp og av kompetente fagfolk, og arkivet er pakka om til omslag og esker i arkivkvalitet for å sikre langsiktig ivaretaking, under gode klimatiske tilhøve.

Gjennomføring av dette prosjektet legg til rette for framtidig forskning og kunnskapsutvikling med utgangspunkt i arkivet, for museet sjølv, studentar, forskarar. At arkivet no er plassert i museet sitt regionmagasin er viktig for den langsiktige ivaretakinga.

Ein annan viktig gevinst for oss er intern kompetanseheving på privatarkiv, og arkivhandsaming. I tillegg er kunnskapen om vår eiga samling og arkiv auka, og vi har knytt fagleg nettverk med IKA MR gjennom prosjektarbeidet.

**

Under arkivordninga dukka diktet *Arkivstudie* opp (neste side). Her reflekterer Hans Hyldbakk over livets gang, og kor vi set spor etter oss i arkiva, gjennom dei store hendingane i livet. Dette speglar lokalhistorikaren si verdsetjing av dei historiske kjeldene, som no har fått ei tryggare framtid.

**

Vedlegg 1/1 : Regnskapsrapport



Arkivstudie.

Eg sit og granskar den gamle skrifta
i livsens bøker frå gamal tid.
Eg følgjer folket i dyp og giftr,
til vegen endar i død og skifte
og arveskift.

Dei åtte gardar og gods og gode,
og gamle enljer vart gift på nytt.
For mannen kvilde eit ar i gruset,
var jaord gjeve ein ny i huset
og buet bytt.

Og arv og odel og adra eige
vart vøra og vørdsla frå ett til ett,
me'andre nøgdest med lgt og lite
og stridde bokant i armøsslitet
for livsens rett.

Men døden kom til dei alle saman
og jamna alt i sitt eige fat.
Han spurde aldri om stand og prydnad.
han var i djupaste ind og tydnad
ein demokrat.

Ein gamal inderst på Ellevseten,
sa seier skrifta, vart hundre år.
Men unge Ane fra Utistua
no lagdest inn under greftetuva
i ungdoms år.

Og gjæve kultar og legdekallar
står si om side i prestens bok.
Og skrifta gir som på domedagen
attende livet i ættarhøgen,
som døden tok.

Det er som star eg på livsens øde
og stirer ut mot det opne hav,
der bærer kjem frå den ytste kvelding
og hjalar mot meg med stillsleg melding
om død og grav.

Av tunge bærer som stig mot kvelven
og brotnar saman i dødsens dal
kjem nye bærer som velt frametter
i nye toppar og nye etter
og folketal.

Snart brytst mot berget mi eiga bære,
som steig mot dagen ein solsein vår.
Så knyttest ringen med mine feder,
og boka syner blandt Pal og Peder
mitt dødsens år.

